

# REFERAT



## Styremøte 4/2019

Tid: 29.09.2019 1800-2000

Stad: Bømoen

## AGENDA

Sak		Vedlegg	Ansvar
1	<b>Beslutningssaker</b> 1.1 Godkjenning av innkalling		Leder
2	<b>Orienteringssaker</b> 2.1 Oppsummering sesong 2019 2.2 Status økonomi 2.3 Status reguleringsplan		DL DL DL
3.	<b>Diskusjonssaker</b> 3.1 Ny HI 2020 3.2 Lønna HI stilling 3.3 Instruktørutdanning: hjelp til rekruttering/egen budsjettpost		Leder/HI Alle HI
4	<b>Ymse</b> 4.1 Fastsetje dato for neste styremøte 4.2 Fastsetje dato for programplansamling og strategisamling		Alle Alle

### Tilstede:

Frå styret: Christian, Helene, Stine (vara)

Frå adm: Andreas, Trine, Inger Margrethe (HI)

Fråvær: Alexander, Kristine, Kjell, Kristian (vara)

### 1.1 Godkjenning av innkalling

Godkjent

### 2.1 Oppsummering sesong 2019

Utført ca. 22 000 hopp totalt derav 150 AFF elever, 50 line elever og 1 243 (+4) tandem.

## 2.2 Status økonomi

Vurdere å begynne med sparing i fond for å styrke økonomien mot eit eventuelt kjøp av tomt etter 2023, vil bli tatt opp under strategisamling haust 2019. Ligg bra an med bilagsføring som utførast av Delphine. Likviditeten er litt dårlegare i år enn tidlegare grunna større investeringar i år.

## 2.3 Status reguleringsplan

Asplan Viak jobbar framleis med saka og skal ha oppstartsmøte med kommunen 17. Nov.

## 3.1 Ny HI 2020

Sittande HI har sagt seg villig til å sitte som HI fram til juni 2020 under nåverande føresetnader. Per dags dato er det 3 kandidatar og styret jobbar framover med 2 av dei kor styreleiar opprettheld dialogen.

## 3.2 Lønna stilling HI

Inger Margrethe/Andreas vil komma med eit forslag til ein stillingsinstruks som styret skal vurdere om gi grunnlag for ein lønna stilling for HI. Frist: Ultimo november 2019.

## 3.3 Instruktørutdanning; egen budsjettpost

Etter ønske frå HI vil styret vurdere å legge inn ein eigen post i budsjettet for instruktørutdanning i 2020. HI skal komme med eit forslag til sum og kva pengane skal brukast til for neste års budsjett. Status for 2019 er at det er utdanna 4 stk. I3 og 2 stk. I2. 2 stk. held no på med C-kurs.

## 4.1 Fastsetje dato for neste styremøte

Sjå pkt. 4.2

## 4.2 Fastsetje dato for programplan- og strategisamling

Styremøte vil bli avholdt ifb. Programplan- og strategisamling som satt til 22-24. nov.

## 4.3 Innkomne saker frå medlemmer

Etter oppfordring frå styreleiar kom det inn eit par saker frå medlemmene til styremøtet. Frå dei innkomne sakene er den generelle ordlyden at dei uttrykker bekymring til pengebruken til klubben og investeringar som ikkje er direkte knytta til fallskjermhopping. På generelt grunnlag er det ein bevisst strategi frå styret si side i å investere i oppgradering av hoppfeltet for å auke trivselen til dei besøkande (óg for dei som ikkje hoppar fallskjerm). Det har blitt gjort ein del tyngre investeringar dei siste åra som styret meiner var naudsynt for å oppnå den standarden me vil oppretthalde. No som de tyngre investeringane er unnagjort vil fokuset no framover skifte mot å vidare sikre ein sunn økonomi for å eventuelt kjøpe tomte etter 2023. Vil óg understreke at styret har tillit til jobben og investeringane som dagleg leiar utfører er i klubben beste interesse. Dei medlemmene som har sendt inn saker vil få svar frå styreleiar per mail.

## 4.4 Eventuelt

HI gav ein orientering til styret i samband med ulukka som fann stad under avslutningshelga og arbeidet som skjer vidare der. HI ville samstundes understreka at HL gjorde ein formidabel jobb då ulukka dessverre var eit faktum.

Grunna den tragiske ulukka vart ikkje premiane som var tenkt utdelt under middagen på Hanguren delt ut, vinnarane vil bli annonsert på medlemsgruppa og dei vil få tildelt dei respektive premiane.

Medlemsundersøkelse vil bli sendt ut snarleg kor ein óg vil informere om dato for medlemsmøte.